

Dugnadsjobb Voss IL Nordisk

Mai - September 2018

Voss IL Nordisk har jobben med reinhald av Vangen kvar laurdags- og sundags morgen. Dette er ein god dugnadsjobb som klubben tener ca 55 000 kr på. Pengane nyttar me m.a til å dekka utgifter til trenarar, samlingar, startkontigent og reiser for eldre utøvarar som konkurrerer utanom kretsen.

Jobben på laurdag er monaleg mindre enn sundagsmorgonen. Vi skal då plukke bos på torget, utanfor kinoen, på plenen ved kyrkja og på plenen ved "Ridande Vossabryllaup ved stasjonsbrekka". Her er det mykje anleggsarbeid på gang, slik at området ved Stasjonsbrekka er mykje mindre enn før. Me skal ikkje rydda på anleggsområdet, men har ansvar for fortauet på nordsida av vegen forbi Søreide til dette sluttar der stasjonsbrekka før gjekk opp.

På sundagsmorgonen skal me ta opp papir, knuste flasker og anna bos som har kome til i Vangsgata og Uttrågata over natta. Sjå over parkeringsplassane ved tinghuset og på Holbergspllassen og busshaldeplassen i Fengselstomta. Ta ein tur langs Prestegardsalleen og vegen i Prestegardsmoen til Tintrabrua. Bosset du finn kastar du i spanna langs vegen. Er det store mengder kan ein kasta dette i container sør på gravplassen (mot idrettshallen). Ta gjerne panten frå panteflaskene sjølv. Andre flasker putter ein i eigna avfallsstasjonar. Høver ikkje den oppsette vakta, må de byta med ein annan på lista eller andre som ikkje kom med ved fyrste tildeling.

«Stafettpinnen» frå familie til familie går på facebook nordiske greiner. Det er avsendar sitt ansvar å sjå til at mottakar svarar med eit like eller kommentar. Medlemmer som ikkje er på fb ringjer me til.

Jobben startar 0800 dette for at Vangen skal vera rein og fin når butikkane opnar. I reiskapshuset aust på idrettsbana vil de finna utstyr som hanskar, klype, kost og spade som kan nyttast.

Helsing

Styret for Nordisk

Dato helg	Familie		Dato	Familie
01.mai	Fam. Finne og Døssland		21.jul	Fam. Turtveit
5. mai	Fam. Ure		22.jul	Fam. Turtveit
6.mai	Fam. Ure		28.jul	Fam. Fagerbakke Fosse
12.mai	Fam. Dugstad		29.jul	Fam. Fagerbakke Fosse
13.mai	Fam. Dugstad		04.aug	Fam. Fosse Nilsen
19.mai	Fam. S. Børshheim		05.aug	Fam. Fosse Nilsen
20. mai	Fam. S Børshheim		11.aug	Fam. Akerlie
26.mai	Fam. Aas		12.aug	Fam. Akerlie
27.mai	Fam. Aas		18.aug	Fam. Håheim
02.jun	Fam. G Røthe		19.aug	Fam. Håheim
03.jun	Fam. G Røthe		25.aug	Fam. Jansen
09.jun	Fam. Bergstrøm		26.aug	Fam. Jansen
10.jun	Fam. Bergstrøm		01.sep	Fam. Brekke
16.jun	Fam. Rongve Bryn		02.sep	Fam. Brekke
17.jun	Fam. Rongve Bryn		08.sep	Fam. Skjeldal
23.jun	Fam. Gårdsvoll		09.sep	Fam. Skjeldal
24.jun	Fam. Gårdsvoll		15.sep	Fam Vågen
30.juni	Fam Wæhle		16.sep	Fam Vågen
01.juli	Fam Wæhle		22.sep	Fam. Herheim
07.jul	Fam. Ringheim		23.sep	Fam. Herheim
08.jul	Fam. Ringheim		29. se	Fam. R. Røthe
14.jul	Fam. Ø Låstad		30. sep	Fam R. Røthe
15.jul	Fam. Ø. Låstad			